

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 08.12.2017
Sakhandsamar: **Halfdan Brandtzæg**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per november 2017**

Arkivsak
2017/457
Styresak 093/2017

Styremøte 15.12.2017


Framlegg til vedtak

Rapportering frå verksemda per november 2017 vert teken til vitande.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 42 dagar i november (42 i oktober). Samla tal ventande pasientar har minka til 5175 i november (5199 i oktober).



Helsehjelp starta i perioden

Ventetid der helsehjelp starta i perioden var 54 dagar i november (56 dagar i oktober). 2336 fekk starta helsehjelpa i perioden. Det er ein auke frå førre møte.

Fristbrot samla (ventande/starta behandling)

I november er det registrert 20 nye fristbrot for dei ventande, svarande til 0 prosent. For dei der helsehjelpa starta i perioden var det fristbrot hos 27, svarande til 1 prosent (ikkje ferdig registrert).

Direkte timetildeling

Stabilt på 79 prosent for første time (79 prosent i oktober), auke til 76 prosent for oppfølgingstime (64 prosent i oktober). Det er sett i verk tiltak for igjen å ha fokus på dette.

	jun.15	2015	2016	2017 hittil	nov.17
HELSE BERGEN HF	69 %	71 %	85 %	83 %	80 %
HELSE FONNA HF	72 %	75 %	86 %	84 %	77 %
HELSE STAVANGER HF	66 %	75 %	90 %	88 %	85 %
HELSE FØRDE HF	63 %	69 %	93 %	88 %	82 %
KIRURGISK KLINIKK (100315)	67 %	70 %	92 %	91 %	84 %
MEDISINSK KLINIKK (105240)	55 %	67 %	96 %	86 %	81 %
PSYKISK HELSEVERN	72 %	66 %	73 %	73 %	71 %

Andel ikkje møtt

Gjekk i november ned til 2,05 prosent.

Epikrisetider i november

Epikrisetider 1 dag: **somatikk** 71 prosent, **psykisk helsevern** 45 prosent, **samla** 69 prosent.

Epikrisetider 7 dager: **somatikk** del 93 prosent, **psykisk helsevern** 93 prosent, **samla** 93 prosent.

Korridorpatientar

I november var det 14 korridorpatientar (4 på ortopedisk FSS, 7 medisin FSS, 3 medisin LSH) svarande til 0,2 prosent (oktober 7 pas.).

Utskrivingsklare pasientar

8 døgn i november, svarande til 36 976 kroner (Vågsøy 6, Flora 1, Gloppen 1) .

Stryking av planlagde operasjonar

I november var det 610 planlagde operasjonar med 25 strykingar (4,1 prosent).

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng pasientar tilhøyrande eigen region, (A)	2 242	2 294	(52)	2 282	(41)	23 533	23 664	(130)	23 009	524
DRG-poeng pasientar tilhøyrande andre regionar - fakturering av gjestepasientar, (B)	23	32	(10)	37	(14)	475	485	(10)	523	(49)
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 264	2 326	(62)	2 319	(55)	24 008	24 149	(141)	23 532	476
DRG-poeng pasientar beh andre regionar	151	176	(24)	68	83	1 702	1 796	(94)	1 598	104
Sum drg-poeng eigne pasientar	2 393	2 469	(76)	2 350	43	25 235	25 460	(224)	24 607	629
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	396	405	(9)	396	(0)	4 118	3 899	219	3 886	232
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 153	1 075	78	1 024	129	10 966	10 865	101	10 759	207
Tal sjukehusopphald	1 575	1 619	(44)	1 590	(15)	16 999	17 230	(231)	16 546	453
Tal polikliniske konsultasjonar	11 307	12 231	(924)	11 954	(647)	114 230	115 360	(1 130)	116 603	(2 373)

Perioden

Aktiviteten i perioden var 3,7 prosent lågare enn førre året, målt i tal behandla/undersøkte pasientar. Samla DRG-produksjon i føretaket i perioden er 2,4 prosent høgare enn året før. Tal dagbehandlingar var 12,6 prosent høgare enn planlagt. I november var den polikliniske aktiviteten 7,6 prosent lågare enn budsjett. Døgnopphald var 2,7 prosent under budsjett, men 0,9 prosent lågare enn førre år.

Til no i år

Akkumulert ligg aktiviteten 0,6 prosent etter budsjett målt i DRG-poeng. Vi ligg 2,0 prosent før fjorårsproduksjonen målt i tal DRG-poeng (476 poeng), men har ein nedgang på 1,2 prosent frå førre året målt i tal pasientar. Dagkirurgi/dagopphald har ein vekst på 1,9 prosent mot fjoråret (207 pasientar). Poliklinisk aktivitet er 2,0 prosent lågare enn fjoråret (2373 konsultasjonar). Vi har 453 fleire heildøgnsopphald enn førre året (2,7 prosent).

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 205	1 609	-404	1 574	-369	16 225	16 787	-562	17 004	-779
Tal utskrivne pasientar	85	91	-6	106	-21	966	999	-33	1 090	-124
Poliklinisk dagbehandling	41	28	13	43	-2	412	275	137	369	43
Polikliniske kons. m/refusjon	2 519	2 166	353	2 526	-7	25 019	21 546	3 473	22 615	2 404
Rus										
Tal heildøgnsopphald	631	696	-65	623	8	6 353	7 257	-904	7 112	-759
Tal utskrivne pasientar	20	15	5	8	12	196	166	30	174	22
Polikliniske kons. m/refusjon	266	313	-47	259	7	2 772	3 117	-345	2 881	-109
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	87	109	-22	177	-90	1 074	1 091	-17	968	106
Tal utskrivne pasientar UPH	8	8	-0	4	4	85	92	-7	86	-1
Polikliniske kons. m/refusjon	1 544	1 889	-345	1 846	-302	15 271	17 497	-2 226	16 425	-1 154

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

Aktivitet innanfor psykisk helsevern er lågare enn normalt i perioden. Aktiviteten i døgnseksjonane er litt lågare enn budsjett, medan poliklinikkane har fleire konsultasjonar enn budsjett. Beleggsprosenten på dei distriktspsykiatriske sentera (DPS) er 66 prosent i snitt. Akuttposten hadde 77 prosent belegg i perioden.


Innanfor rus er aktiviteten litt lågare enn budsjett, og gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 74 prosent i perioden.

Akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret innan PHV, men litt lågare innan TSB.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten er lågare enn plan for perioden ved poliklinikkane. Det var 48 prosent belegg på UPH i perioden.

Akkumulert er aktiviteten lågare enn fjoråret.



Samla ligg beleggsprosenten på 76 prosent. Pasientar på pasienthotellet fell ut av statistikken på grunn av at det i pasientjournalssystemet ikkje er definert sengekapasitet der. Nyføddavdelinga fell også ut på denne avdelinga ikkje har pasientar (vi tel berre mødrene). Sengepostane registrer i liten grad postoverflytting når dei flyttar pasient over på pasienthotellet (mellom 10 og 15 prosent). Det gjev høgare beleggsprosent på sengepostane enn det reelle belegget. Det er og viktig å understreke at tala ikkje seier noko om bemanninga.

ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	171 191	171 029	163	1 688 736	1 684 776	3 960
Inntekter pasientbehandling	63 821	59 391	4 430	605 502	616 046	-10 544
Øyremerka tilskot	1 940	6 055	-4 115	26 363	29 607	-3 244
Andre driftsinntekter / Eigendelar	14 603	13 608	995	139 946	145 826	-5 880
Sum driftsinntekter	251 556	250 083	1 472	2 460 546	2 476 254	-15 709
Kjøp helsetenester	19 880	21 436	-1 556	133 531	132 677	854
Varekostnad	24 243	20 685	3 558	239 317	218 088	21 229
Innleige personell	2 661	458	2 203	29 639	20 764	8 876
Personalkostnader	136 008	136 825	-817	1 378 908	1 387 133	-8 225
Pensjonskostnad	21 974	21 956	17	240 034	239 269	765
Ordinære avskrivningar	6 546	6 583	-37	67 836	69 413	-1 577
Andre driftskostnader	35 056	40 608	-5 552	373 632	391 866	-18 234
Sum driftskostnader	246 368	248 551	-2 183	2 462 898	2 459 210	-3 689
Driftsresultat	5 188	1 532	3 656	-2 352	17 045	-19 397
Finansinntekter	109	117	-8	1 110	1 283	-174
Finanskostnader	95	410	-315	1 477	4 580	-3 103
Finansresultat	13	-293	307	-367	-3 296	2 929
Ordinært resultat	5 201	1 239	3 962	-2 719	13 749	-16 468

Perioden

Resultatet i perioden er eit overskot på 5,2 mill. Budsjettavviket er positivt med 4,0 mill. kroner.

Aktiviteten i perioden var høgare enn budsjett i november. Avviket skuldast særleg høgare inntekter frå H-reseptar ISF-aktivitet (3,5 mill.). Vidare er det ført inntekter frå poliklinisk verksemd innan psykisk helsevern, der vektene er justert opp med verknad for heile året.

Når det gjeld øymerka tilskot er det i november ført lågare sysselsetingstilskot enn planlagd. Det er ført tilsvarende lågare kostnader. Dette gjev difor ikkje resultat effekt.

Gjestepasientar behandla i Bergen er lågare enn budsjettet. For november er kostnadene 3,2 mill kroner lågare enn budsjett.

Varekostnadene er igjen høgare enn forventa. Høgstmedikament har eit avvik frå budsjett på om lag 1,9 mill.

Personalkostnader er i november noko høgare enn budsjettet. Samla avvik var på om lag 1,4 mill.

Andre driftskostnader er 5,5 millionar lågare enn budsjett. Av dette er 3,6 mill. kroner lågare kostnader til pasienttransport. Det er òg lågare kostnader til vedlikehald i samband med sysselsetjingsmidlar. Drift- og eigendomsavdelinga har signalisert at heile potten vil bli brukt i 2017.

Akkumulert

Akkumulert resultat er negativt med 2,7 mill. kroner. Budsjettavviket er negativt med 16,5 mill. kroner. Inntektssvikten er på 15,7 mill. kroner. Det har vore lågare ISF-inntekter enn venta. Det har mellom anna vore svikt i inntekter frå H-reseptar. Noko av dette skuldast at medikament til behandling av hepatitt C blei godkjent så seint at dei ikkje er tatt inn i DRG-systemet. Når det gjeld inntekter frå poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, er inntektene så langt lågare enn budsjett. Dermed held trenden som har vore heile året, fram.

Vi har òg lågare eigenbetaling frå pasientar enn venta. Dette skuldast lågare kostnader til pasientreiser enn budsjettet, og dermed også lågare eigenbetaling frå pasientane.

Personalkostnader har eit avvik på 1,4 mill. Avviket er pådratt i november.

Vi har og lågare kostnader til ordinære gjestepasientar. Det skuldast at vi har lågare kostnader til gjestepasientar mot Bergen.

Finansposter er 2,9 mill. kroner betre enn budsjettet. Låg rente og seinare opptak av lån forklarar resultatet.

Likviditet


Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 243,8 mill. kroner. Per 1. desember hadde Helse Førde 33,9 mill. kroner i positivt likviditet.

Prognose

Helse Førde har tidligare varsla ei prognose med eit underskot på 12,5 mill. kroner. Prognosen er 27,5 millionar svakare enn budsjettet. Det er framleis uvisse knytt til årsresultat. Rekneskapsutviklinga som har vore i haust, tilseier at prognosen er sett for pessimistisk. Utviklinga for kostnader til pasienttransport, løn og interne gjestepasientar samt avrekninga frå Helsedirektoratet for 2016 gjer at vi det er mogleg at resultatet blir betre enn tidligare meldt. I arbeidet med budsjettet er prognosen med eit underskot på 12,5 mill. kroner brukt.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i oktober 5,7 prosent – mot 6,2 prosent førre år.

Månadsverk




Brutto månadsverk i november var 2264. Dette er 4 færre enn rapportert for same periode i fjor. Netto månadsverk i oktober var 2103. Dette er 24 fleire enn rapportert for same periode i fjor.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betalar løn for (inklusive betalte permisjonar).
Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

Uønska hendinger melde i avvikssystemet Synergi

Tabellen under viser tal melde saker i Synergi, sortert etter sakstype:
Diagrammet viser melde saker i perioden 01.01.17 – 31.10.17:



Pasientrelaterte saker:

I oktober var det meldt ei sak om at ein pasient som meinte at det medisinske tilbudet ikkje var godt nok, fordi han låg på pasienthotellet og ikkje på sengepost.

Ein pasient fekk høyreapparata sine øydelagt av MR-maskina under undersøkinga. Apparata skulle vore tekne ut på førehand.

Grunna samstundeskonflikt var det vanskeleg å få hjelp av bakvakt for ein lege som skulle utføre ein krevjande prosedyre. Det lukkast til slutt å få tak i ein annan overlege, slik at pasienten fekk hjelp utan skade.

Ein pasient med dårleg immunforsvar fekk besøk av barn med vasskoppar. Det blei ikkje oppdaga at barnet var sjukt før besøkjande skulle avslutte besøket.

HMS-saker:

HMS-saker er tilfelle der det har vore helse-, miljø- eller sikkerhetsbrot som gjev fare for, eller har medført skade for, tilsett.

Denne månaden er det meldt saker som omhandlar at inneklimate ikkje er godt på enkelte behandlingsstadar, slik at tilsette får hovudsmerter når dei er på jobb. Nokre stadar er romtemperaturen for høg. I eitt lokale er det også problem med plasseringa av skjermene, slik at tilsette får hovudsmerter av å sjå på skjermene.

Ein pasient oppsøkte behandlar sin på arbeidsplassen for å skade vedkommende. Andre tilsette greidde å avverje situasjonen. Men den tilsette måtte leve i skjul og få andre arbeidsoppgåver ein periode etter hendinga, av frykt for nye angrep.

Ein tilsett meldte at det stod knuselege ting i fellesarealet der pasientar med utagerande oppførsel oppheldt seg. Dette kunne vore farleg både for tilsette og medpasientar, og blei fjerna.

IKT/informasjonsikkerheitssaker:

Kan gjelde brot på personopplysningslova og handtering av sensitive opplysningar, anten ved manglar knytt til IKT-system, aktuelle rutinar eller etterleving av desse.

Denne perioden er det meldt ei sak om at ein pasient fekk sjukmelding på sjukehuset. Då han kom heim såg pasienten at det var feil namn og personnummer på sjukmeldinga. Den var skriven på ein annan pasient sitt namn.

Ein annan pasient fekk med seg journalnotat på feil pasient i mappa si ved overflytting mellom avdelingar.

Ein tilsett har ved fleire høve fått tilsendt hugselappar i DIPS på pasientar den tilsette ikkje har noko behandlaransvar for. Truleg var det meint å sende beskjedane til ein annan tilsett med same etternamnet.

Driftssaker:

Driftssaker gjeld hendingar knytt til driftsoppgåver for alle fagområde (administrativ/klinisk).

Det var rapportert lekkasje frå vassreinseanlegg på laboratoriet.

Det lukta svidd på eit kontor fordi det var fullt av papir bak varmeomnen.

Frekvente hendingar:

Jamlege hendingar vert nytta for meir detaljert oppfølging og særskild i Helse Førde sine diagnostiske avdelingar.

Denne månaden var det meldt om at eit av lokalsjukehus hadde vakans i ei fysioterapistilling og dermed ikkje kunne gje venta tilbod på dette området.

Forbetringsområde:

Forbetringsområde er forslag til forbetring, utan at det ligg føre avvik. (Nokre av desse sakene er feilregistrerte, og inneheld eigentlege avvik).

Denne månaden kom det melding om at ein tilsett var uheldig og fylte feil type drivstoff på ein bil.

Psykiatrisk avdeling har ikkje rømmingssikkert uteområde. Det fører til at pasientane ikkje får vere så mykje ute som dei ønskjer.

Tilsette på eitt av kjøkkene ute på postane kasta mat som kunne vore brukt. Rutinane blir endra slik at ein unngår så stort matsvinn.

Rutinar for medisinbestilling blei ikkje følgde. Det førte til at pasientane ikkje fekk medisinar i rett tid på denne behandlingsstaden.

Klager/NPS (Samhandlingssaker):

Samhandlingssaker er saker som vedkjem samhandling mellom føretaket og kommunane.

Sist månad var det meldt om at ein pasient med store og samansette behov blei lagt inn utan at sjukehuset fekk melding om pasienten på førehand. Det førte til at mottakinga ikkje blei så planlagt og god som den skulle ha vore.

Ei anna hending var at det ikkje var samsvar mellom sjukepleiarrapport og epikrise om kva prosedyre som var gjort. Epikrisen inneheldt feil opplysningar.